

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		17/13

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Formannskapet - 008/2017

### FOR - behandling:

#### Møter vedkomande Modalstunet

Ordførar orienterte om møte i arbeidsgruppa for omstilling ved Modalstunet den 10. 01.17 og om personalmøte ved Modalstunet den 26.01.17. I møta har det vore drøfting omkring ulike tiltak for å omstille og tilpasse drifta til kommunen sitt behov for tenester i institusjon og open omsorg. Dette gjeld tiltak for reduksjon av årsverk, omfordeling av arbeidsoppgåver, endring av turnus med meir. Plan for tiltak vil verte handsama som sak i AMU. Endring vert føresett iverksett før ferien.

#### Tomt til Skytebane

Ordførar orienterte om at Coop Modalen har meddelt at dei er positive til å selje si tomt på Øvre Helland og at skyttarlaget vil søkje om at denne tomta vert tilrettelagt til føremålet. Ove Sæbø orienterte om at prosjektet ville kunne få ei større utteljing om tippemidlar om dette vart gjennomført i eit samarbeid med Vaksdal kommune.

#### Tomt på Mo

Rådmannen orienterte om oppfølging av tidlegare gjeven frist, kva som er avtalt med utbygger i høve søknad/førehandskonferanse og vidare oppfølging.

#### Turveg frå Helland til Eikhaugen

Ordførarar orienterte om kontakt med grunneigarar i høve ny bru over Eikhaugelva. dei er positive til at det kjem bru, men vil ikkje delta i kostnad med kjørebru.  
Ulike problemstillingar i høve saka vart drøfta.

Konklusjon/oppfølging:

1. Ordførarar føl opp drøftingar med grunneigarar for å få skriftlege avtalar om bruk av eigedomar til turføremål, før tiltak vert gjennomført.
2. Teknisk etat innhentar prisvurdering for ei kjørebru over Eikhaugelva.
3. Teknisk etat/kulturavdelinga førebur og gjennomfører opparbeiding av turstien frå Helland til Eikestølen når avtale med grunneigarar er på plass.

**FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering